



Flyrutegruppa -Hovden

Flyrutegruppa
Sekretariatet v/ Ørsta Næringskontor
Postboks 162
6151 Ørsta
Telefon 70 06 80 85
Telefaks 70 06 80 86

Side 1 av 1

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Att.: Liv Signe Navarsete

ØRSTA, 26. august 2011

Vår ref.: ØN/MF/07/449

UTVIDING AV ØRSTA-VOLDA LUFTHAMN HOVDEN

I samband med den vedvarande store auken i trafikk over Ørsta-Volda lufthamn Hovden har Avinor lagt fram planar for utviding av terminalbygning og hangarområde ved flyplassen. Det eksisterande bygget er dimensjonert for 28.000 passasjerar, medan trafikken i år blir over 78.000 etter at Widerøe i april sette inn sitt 4 fly på vestlandet og betra rutetilbodet over Hovden. Ved første heile år med eksisterande rutetilbod vil trafikken i 2009 overstige 120.000 passasjerar, og med ein kabinfaktor på over 70 prosent har Hovden fullast fly av alle dei regionale lufthamnene. Veksten ved Hovden er ei direkte følgje av Eiksundsambandet, og når Kvivsvegen opnar i 2012 vil Ørsta-Volda lufthamn Hovden bli Noregs største regionale lufthamn målt i nedslagsfelt.

Avinor har i brev til Ørsta kommune bedt om at kommunen legg til rette for at overskotsmasse (stein) frå andre prosjekt i kommunen kan nyttast i samband med oppfylling av Hovdetjønni, og peika på at dette er ein avgjerande føresetnad for vidare utvikling av Ørsta-Volda lufthamn Hovden.

Flyrutegruppa som arbeider for betra tilbod ved Ørsta-Volda lufthamn Hovden er kjent med at ordførarane Gudny Fagerhol i Ørsta og Ragnhild Aarflot Kalland i Volda har bedt statsråden om hjelp til å få overta overskotsmasse frå Eiksundsambandet som Statens vegvesen ynskjer å legge ut på anbod. Flyrutegruppa vonar at statsråden lukkast i dette, ettersom ei utviding av terminalbygg er av stor betydning for den felles bu-og arbeidsregionen Søre Sunnmøre som vart etablert ved opninga av Eiksundsambandet.

Beste helsing,

Martin Foldal
Sekretariatet for Flyrutegruppa